

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjekt Faglig og administrativ organisering
Saksnr.	16/05641
Dato sendt ut på høyring	19.12.16
Høyringsfrist	13.1.17
Send høyringsinnspel til:	Innsending før 31.12.16: post@hib.no ; post@hisf.no ; postmottak@hsh.no Innsending etter 01.01.17: post@hvl.no
Bakgrunn for saka	Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og modeller med forslag til organisering av den administrative verksemda. Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).
Høringsspørsmål som delprosjektet ønsker svar på	
Kapittel 4	I begge modellane er det identifisert kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane. Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?
	Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1? b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?
	Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?
Kapittel 5	
	Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Kapittel 6	<p>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</p> <p>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</p>
Ansvarlig	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Administrativ organisering
Utending	Programsekretariatet

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for lærarutdanning og kulturfag Høgskulen på Vestlandet Nærregion Stord/Haugesund
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Cafedialog, avdelingsmøte, innspel via e-post (dette er same innspel som sendt ifrå Avdeling for helsefag, nærregion Stord/Haugesund, vi samkøyrer innspela i denne runden)
Innspel Bruk fleire sider om det trengs	
Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom</p> <p style="padding-left: 20px;">a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1?</p> <p>Fordelinga av oppgåvene er godt synleggjort i modell 1 og i modell 2. Når det gjeld modell 1 kunne det kome tydelegare fram av modellen at ressursane må distribuerast slik at dedikerete og kompetente personar må arbeide direkte inn mot fakulteta i tråd med dekanane sine behov, samt gje god støtte også på instituttnivå og mot dei fagtilsette.</p> <p style="padding-left: 20px;">b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?</p> <p>Eit risikomoment er om modell 2 har evne til å sørge for god fagleg utvikling og kvalitet på dei administrative tenestene. Dersom ein går for modell 2 bør det vurderast om internasjonalisering og eksternt finansiert verksemd skal leggjast på institusjonsnivå.</p> <p>Når det gjeld praksisadministrasjon meiner vi at dette må eit strategisk nivå for å ivareta fordeling av praksisplasser slik at det ikkje oppstår ein konkurransesituasjon mellom dei ulike campus vedrørande antal praksisplasser. I tillegg bør det vera eit operasjonelt nivå som ivaretar kjennskap til lokale tilhøve. Dette bør presiserast i oppgåve fordelinga.</p>
Kap 5	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	<p>Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leiing og fagleg organisering)</p> <p>I tråd med samfunnsutviklinga vil HVL bli møtt med auka krav til profesjonalitet når det gjeld forvaltning av administrative funksjonar. Målet må vera å byggje ein felles institusjonsidentitet i høve til administrative funksjonar og som er distribuert til alle studiestader. Dersom ein vel modell 1 så vil ikkje fakulteta kunne utvikla seg som «eigne verksemder» inni organisasjonen, men bli styrt av dei same strategiske satsingane frå institusjonsnivå og nedover i organisasjonen. Vi meiner at fagleg utviklinga av dei administrative fagmiljøa vil organisatorisk bli betre ivaretekne i Modell 1.</p>
Kap 6	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Dersom ein går inn for fleire enn tre fakultet vil det bli stor skilnad i storleik på fakulteta, -noko som skulle tilsei at fakulteta vil måtte riggast forskjellig. Vi meiner at modell 1 er meir fleksibel og vil kunne tilpassa ressursar i høve til ulik storleik på fakulteta betre enn modell 2.</p>
Andre merknader	<p>Primært så ønskjer ALK modell 1. Dersom modell 2 blir vald bør ein tenkje modell 1 som organisasjonsprisipp innafor det einskilde fakultet for å skape ein fagleg, fleksibel og effektiv organisasjon.</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

--	--